

# KART OG PLAN

Grunnlagt / Founded 1908

Bind / Volume 78

Årgang / Annual 111

2018

## Vitenskapelig tidsskrift:

Geomatikk – Karttekniske fag – Geodesi  
Kartografi – Fotogrammetri – Hydrografi – GIS  
Eiendomsinformasjon – Jordskifte – Eiendomsfag  
Arealjuss – Arealplanlegging

## Utgever:

Fagbokforlaget, Bergen  
Internett: [www.fagbokforlaget.no](http://www.fagbokforlaget.no)

## Eier:

Tekna Samfunnsutviklerne  
[www.samfunnsutviklerne.no](http://www.samfunnsutviklerne.no)

## Samarbeidsutvalg:

Tekna Samfunnsutviklerne og GeoForum

## Redaksjonsråd:

Arve Leiknes, leder

## Eiendomsfag / jordskifte

Leiv Bjarte Mjøs, førsteamanuensis, HVL  
Per Kåre Sky, professor, NMBU  
Øystein Jacob Bjerva, jordskifterettsleder, Akershus og Oslo Jordskifterett  
Tanja Skovsgaard, førsteamanuensis, AAU

## Eiendomsøkonomi

Solve Bærug, førsteamanuensis, NMBU

## Arealplanlegging

Akkelies van Nes, professor, HVL  
Knut Bjørn Stokke, førsteamanuensis, NMBU

## Geomatikk

Trond Nordvik, førsteamanuensis, HVL  
Terje Midtbø, professor, NTNU

## Juridiske fag

Sjur Dyrkolbotn, førsteamanuensis, HVL  
Anne Rogstad, seksjonssjef, juridisk seksjon, NVE  
Ingrid Wang Andersen, universitetslektor, NMBU  
Eivind Junker, postdoktor, NTNU

## Ansvarlig redaktør

Ane Margrethe Lyng,  
Institutt for byggfag, HVL  
Tlf: 55587196/ 90595315  
E-post: [amly@hvl.no](mailto:amly@hvl.no)

## Informasjon for forfattere:

Se [www.samfunnsutviklerne.no/kart-og-plan/](http://www.samfunnsutviklerne.no/kart-og-plan/)  
og velg «Informasjon til forfatterne»

## Annonser:

Einar Hegstad, tlf. 64 96 53 74  
E-post: [einar.hegstad@nmbu.no](mailto:einar.hegstad@nmbu.no)

## Abonnementspriser 2018:

Institusjon kr 710,-  
Privatpersoner kr 535,-  
Studenter kr 250,-

## Abonnement og enkeltheft bestilles hos:

Fagbokforlaget,  
Kanalveien 51, 5068 Bergen, Norway  
Telefon: 55 38 88 00  
E-post: Bestilling: [abonnement@fagbokforlaget.no](mailto:abonnement@fagbokforlaget.no)  
E-post: Informasjon: [fagbokforlaget@fagbokforlaget.no](mailto:fagbokforlaget@fagbokforlaget.no)  
Enkeltheft kr 165,-

## Produksjon:

Sats: Laboremus Sandefjord AS  
Grafisk produksjon: John Grieg, Bergen  
Opplag: 3.100  
© Vigmostad og Bjørke 2018

Tema for dette heftet var i utgangspunktet Matrikkel og Fritt landmålerval. Med delingslova av 1978 vart det frå 1.1.1980 innført pliktig eigedomsoppmåling for heile landet, Svalbard unntatte. GAB vart innført til erstatning for den gamle skattematrikkelen. Det var behovet for oppdatering av det økonomiske kartverket som utløyste det nye oppmålingssystemet, og ansvar for å utføre eigedomsoppmåling vart lagt til alle landets kommunar. Delingslova utløyste ikkje bindande krav til utdanning eller kompetanse for eigedomslandmålarer. Ut over 1990-talet vart manglande kvalitet i register og kart tydeleg, og Regjeringa oppnevnte matrikkelutvalet som i NOU1999:1 skulle foreslå å m.a. privatisere den kommunale oppmålinga og innføre eit system med autoriserte landmålarar, og eit nytt eigedomsregister – Matrikkelen. Ny lov vart vedteken i 2005, men motstand frå det etablerte systemet medførte at lova vart omgjort med omsyn til fritt landmålerval. Matrikkelen blir innført frå 2010. Spørsmålet om privatisering av landmålaroppgåva vart på nytt teke opp i 2015, no av private oppmålingsfirma. Regjeringa var positiv, men utøvarane var imot og på nytt skulle forslaget i mars 2018 bli nedstemt i Stortinget. På den bakgrunn er temaet for dette heftet endra frå Matrikkel og Fritt landmålerval, til Matrikkel. Fritt landmålerval vart det ikkje noko av i denne omgang heller. Kommunane skal framleis ha oppmålingsmonopol. Utfordringane med manglande fullstendighet og mangelfull kvalitet i matrikkelen er imidlertid stadig eit aktuelt tema, og artiklane i dette heftet av Kart og Plan belyser nokre av utfordringane med Matrikkelen. Leikny Gammelmo drøftar deler av arbeidet kommunen gjer i samband med oppmålingsforretningar, basert på det formelle rammeverket og undersøking av praksis. Helge Nysæter drøftar kva funksjon koordinatane som vert produsert i ei oppmålingsforretning, har. Lars Norum drøftar etter ein studietur til Finland om vi kan innføre deler det finske lantmåterisystemet og slik få kvalitetsheving av vårt norske matrikkelsystem. Bent Hulegaard Jensen og Torben Juulsager, Ronnie Thomasson og Petur Nielsen gjer greie for ein «servicesjekk» av det Færøyske matrikkelvesen, utført av det danske firmaet Geopartner Landinspektør A/S.

I tillegg til disse tema-artiklane, har vi funne plass til tre artiklar med andre tema. Den første ser på korleis kommunane evner å forvalte jordvernet, av Kristine L. Skog, Maria Lauvdal og Maren Øinæs. I neste artikkel har Hannah E. E. S. Haga, Anders Bryn, Anne B. Nilsen og Heidrun A. Ullerud skrive om opplæring av nye feltkartleggjarar ved bruk av ABC-metoden. Siste artikkel ut er skrive av Rebecka S. Sondell, Daniela Baer, Nathalie Labonotte og Edvard Sivertsen. Desse ser på korleis ein kan bruke GIS-verktøy for å estimere framtidige flomskadekostnader.

Leiv Bjarte Mjøs